

Kommunal- og regionaldepartementet
E-post: postmottak@krd.dep.no

Deres referanse
11/530-1 RAV

Vår referanse
Astri Myhrvang

Dato
29.09.2011

Høyring – Framlegg til ny lov om bustøtte og endringar i forskrift om bustøtte

Det visast til framlegg om høyring på utkast til ny lov og endringar i forskrift om bustøtte. Statens seniorråd handsama framlegget på sitt rådsmøte 21. og 22. september 2011 og har valgt å fokusere på eldre med låg inntekt og høge bustgifter.

Den statlege bustøtta har utvikla seg til å verte eit viktig verkemiddel for at personar med låge inntekter og høge bustgifter kan bu i ein høveleg bustad. Statens seniorråd støttar utviklinga av denne ordninga, som vi meiner er eit godt tiltak for å utjamne ulikskap.

Sidan den statlege bustøtteordninga gjeld for bebuarar i nær sagt alle typar bustader, og det er ein ytelse søkjarane har rett på utifrå gjevne kriterier, er vi samde i at retningslinjene for den statlege bustøtta skiljast ut frå Husbanklova og vert regulert i eiga lov.

Vi støttar dei tilrådde vidareføringane av gjeldande føresegner over i ny lov. Vi har forståelse for at det må kunne innhentast og brukast naudsynlege opplysningar i sakshandsaminga. Med skriftleg informasjon om kva slags opplysningar som skal kunne innhentast, vil lova sine føresegner om rettar og plikter ivareta, sjølv om det manglar samtykke frå personar i husstanden.

Bustøtte til eldre med låg inntekt

Bustøtta er eit sentralt verkemiddel i regjeringa sitt arbeid med å motarbeide fattigdom. Sjølv om det har vore ei positiv utvikling dei seinare åra, er det framleis alderspensjonistar med dårleg råd. Dette gjeld særleg dei aller eldste, einslege og personar som har hatt lita eller inga tilknytning til arbeidslivet.

Ein av tre minstepensjonistar er einslege, og av Husbanken sin statistikk framgår det at ein av fire bustøttemottakarar er eldre. Dei som er eldre og fattige er såkalla vedvarande fattige, det vil seie at deira inntektssituasjon ikkje vil endre seg over tid, slik den kan gjere for yrkesaktive. Likevel er ikkje eldre med lågaste inntekt nemnde i handlingsplan mot fattigdom.

For at alle eldre skal ha ei inntekt dei kan leve av, bør ein ha gode tilbod om ytelsar. Bustøtta er difor viktig for levekåra for dei eldre med låge inntekter og ingen formue. For å unngå fattigdom, bør kombinasjonen av minstepensjon og maksimal bustøtte utgjere ei samla inntekt som er vesentleg høgare enn i dag.

Bustøtte til bebuarar i omsorgsbustad med heildøgns omsorg

Ein del eldre som vert avhengige av heildøgns omsorg, får tilbod om å flytte inn i kommunal omsorgsbustad/leilighet med heildøgns tenester som alternativ til institusjon. Einslege, med minstepensjon og utan formue, som treng heildøgns omsorg kan få store problem med å ha råd til å kunne ta imot tilbod om å flytte inn i ein slik omsorgsbustad. Med buutgifter på 8.000 – 10.000 kroner i månaden vil ikkje deira pensjon og bustøtte kunne dekke deira samla utgifter.

Statens seniorråd tilrår difor at:

det vurderast unntak frå bustøttereglane og innførast spesialordningar for omsorgstrengande som er utan formue og har låg inntekt, slik at dei kan nyttiggjere seg kommunale tilbod om heildøgns omsorg i omsorgsbustader..

Vi er positive til bustøtteordninga som er et viktig tiltak for å utjamne ulikskap i inntekter og ser fram til vidare utvikling av klare og presise reglar og ytelsar som sikrar eldre utan tilstrekkeleg økonomi ein høveleg bustad og ei inntekt å leve av.

Vennleg helsing,



Ivar Leveraas
Leiar av Statens seniorråd

Sølvi Sæle
Leiar av sekretariatet

